



Vår ref:
2010/250-0

Saksbeh:
Lasse Larsson Fjørtoft

Arkivkode:
233

Dato:
06.01.2012

Til:
Kommunestyret

SKUP i Sandøy. Innkalling til arbeidsmøte

Med bakgrunn i SWOT-analysen, som samtlege partigrupper i Sandøy kommunestyre gjennomførte rett før jul, vert det no kalla inn til eit arbeidsmøte i kommunestyresalen
onsdag 1. februar frå kl. 17.00

Vedlagt følgjer ei samanstilling av analyseresultatet som partia har levert inn.

Mål 1) for arbeidsseminaret: kome nærare ei forståing av rolla som skuleeigar

Mål 2) for arbeidsseminaret: utarbeide ein omforeint analyse

Mål 3 for arbeidsseminaret: utarbeide ein tiltaksplan med grunnlag i den omforeinte analysen

ARBEIDSMETODE

Trinn 1


Kommunestyret vert delt inn i 4 tverrpolitisk samansette grupper som skal diskutere seg fram til 4 omforeinte utsegn under kvar analysekategori (Strength, Weakness, Opportunities, Threats). Kvar gruppe presenterer desse i plenum. Dersom store avvik, tar vi ein ny runde i gruppene for å samordne desse til **kommunestyret sin omforeinte situasjonsanalyse.**


Trinn 2

Med grunnlag i den omforeinte analysen diskuterer gruppene seg fram til tiltak som skal gjelde for kommunestyret som skuleeigar, for å avklare og utvikle rolla som aktiv, informert skuleeigar og kva bestilling som skal gjelde overfor skuleverksemda for at skuleeigar skal få gode verkty å definere mål i forhold til og etterspørje resultat og måloppnåing i forhold til.

VELKOMNE!

Med helsing


Hans Endre Sæterøy
ordfører


Lasse Larsson Fjørtoft
rådmann

Skule- og kommuneutviklingsprogrammet

Kommunestyret

...under høg himmel med vid horisont...



SKUP I SANDØY



ARBEIDSMØTE

1. FEBRUAR 2012

Swot-analyse – samanstilling frå dei politiske partia

<p>Styrke</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ny skule • God kompetanse blant dei tilsette • Lett å få samarbeid over sektorane • Ny bygningsmasse • Ny rektor • Nyere datasystem • Gode lærarar • Oversiktleg skulesektor • Godt og allsidig uteområde • God kompetanse i lærarstaben • Gode fysiske rammevilkår • God økonomi • Ein skule og små klassar, lett å følge opp elevane 	<p>Svakheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Uklare rolleavklaringar • Utydelege beskjedar/dårleg kommunikasjon • Mangel på skulefagleg kompetanse • Ein del misstillit innad i organisasjonen • Ingen oppfølging av resultat • Vikarmangel • Personavhengig • Manger informasjon om kommunestyret sitt ansvar og direkte funksjon/ virkemåte som skuleeigar • Dei som ikkje har barn i skulesystemet eller er i skulesystemet, har lite eller ingen aning om skulen sin virkemåte (suksesser /problem) • Manglar skulefagleg ansvarleg på kommunenivå • Små forhold, personavhengig • Manglar vilje til å følgje opp og setje i gang prosessar frå skuleeigar si side • Ingen systematisk oppfølging frå skuleeigar når det gjeld elevresultat • For lite skuleareal/bygg • Store administrative oppgåver som ikkje er relatert til fagleg undervisningsopplegg • For lite samarbeid med næringslivet • Lite samfunn, vanskeleg å seie i frå /tette relasjonar • Manglar framlegging av elevresultat frå administrasjonen til politikarane som ein analyse av resultata • For få definerte konkrete mål • Mobbing
<p>Mulegheiter</p> <ul style="list-style-type: none"> • Små forhold – oversiktleg • Lett å fange opp problem – både fagleg og sosialt • Satse på vidareutdanning – både skulefagleg og politisk • Betre seniortiltak • Betre informasjon om kommunestyre sine moglegheiter til innvirkning på skulesystemet • Velje ein eller fleire frå kommunestyret som har eit nærare samarbeid med skulen 	<p>Truslar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Dårleg miljø • Kan bli mangel på lærarar • For lite fagleg miljø • Personavhengig • Språkproblem/kommunikasjon med elevar • Kompetansemanglar • Økonomimangel • Rekruttering av god kompetanse (lærar / rektor etc.) • Vanskeleg å rekruttere folk til skulen • Framtidig kompetansebehov

<ul style="list-style-type: none">• Elevane bør kanskje vere meir delaktig i næringslivet i Sandøy (utplassering eller liknande)• Halde fokus på kursing av lærarstanden• Bruke næringslivet i kommunen som samarbeidspartnar i opplæringa• Auke skulefagleg kompetanse administrativt/politisk• Tverrfagleg samarbeid internt i kommunen• Bruke næringslivet• Skulen er viktig for integrering, for både barn og vaksne• Kontinuitet i kompetanseheving• Nordøyvegen skaper muligheiter for utveksling /interkommunalt samarbeid om lærekrefter/vikarar/kursing og vaksenopplæring• Bruke brukarundersøkingar som referanse for måloppnåing	<ul style="list-style-type: none">• Manglar kvalifiserte vikarar og pedagogisk utdanna leiing• At Sandøy kommune "vert seg sjølv nok"• Stor avstand mellom skuleeigar og skule• Mykje utgåande kompetanse i nær framtid• For lite samfunnsengasjement for/til skulen• Rekruttering – vanskeleg på grunn av kommunikasjon
---	---